

FORSLAG TIL REGULERINGSFØRESEGNER FOR FJØRÅ SENTRUM VEST

§ 1. Områdeavgrensning

Det regulerte området er vist med reguleringsgrense på plankartet.

§ 2. Byggeområde

a. Naust

Det skal gjerast minst mogleg inngrep i eksisterande terreng.

Nausta kan oppførast som doble og som enkeltnaust.

Maks storleik er BYA 100 m².

Bygga skal ha saltak.

Utsjånad og farge skal vere i samsvar med byggemåte for naust som elles i Fjørå.

b. Service, kafé

Eksisterande fabrikkbygning skal kunne byggast om for servicefunksjonar som kafé eller anna verksemd som høver til kringliggande, regulert arealbruk.

c. Industri

Området er for eksisterande sagbruk.

§ 3. Landbruk

Området er for mindre bygningar i landbruket.

§ 4. Trafikkområde

a. Offentleg veg

Breidde på vegen inkl.skulder er 5,5 m.

Utbygginga av vegen kan skje etappevis med slik inndeling og rekkefylgje:

1. P0 – P200
2. P200 – P300

b. Kai

c. Over kaiområdet er det felles tilkomst frå vist avkøyrse frå riksvegen og til alle funksjonar innan planområdet.

§ 5. Spesialområde

a. Friluftsområde

Det skal ikkje vere inngrep i området for anlegg av veg, større bygningar eller planeringar.

Det kan leggest til rette for stier og mindre plassar for rasting/oppdald.

b. Privat veg

Privat veg skal tene som tilkomst til serviceområde, småbåthamn, sag, friluftsområde og naustområde.

Avsett parkering på området skal vere for desse funksjonane.

Til alt.2: Privat veg lengst nord i området skal tilkomst til fylkesvegen over regulert gangveg.

c. Småbåthamn

Det skal fyllast i sjøen som vist på planen.

Det skal lagast særskilt plan for flytebrygger og andre innretningar i sjøen.

Regulert område i sjø skal primært vere til bruk for det regulerte landarealet.

6210 Valldal 28.02.05 Øk



ORDFØREREN I VALLDAL